

## **Læringsnettverk berekraftig omstilling – oppsummering frå 1. samling**

Sunnfjord kommune deltek i [læringsnettverk for berekraftig omstilling](#) i regi av KS og Statsforvaltaren.

Første samling var i Bergen 7. og 8. januar 2025.

Frå Sunnfjord kommune deltok: ordførar Jenny Følling, gruppeleiar Høgre Anne Lilleaasen, gruppeleiar Venstre Gunn Merete Paulsen, kommunedirektør Terje Heggheim, hovudtillitsvald Janne Alette Fugle, kommunalsjef skule Åge Stafsnes og ass. kommunedirektør Lise Mari Haugen

Følgjande meldte forfall frå Sunnfjord kommune: varaordførar Helge Robert Midtbø, kommunalsjef omsorg Kirstin Bruland og leiar fagutvikling/planforum Liv Janne Bell Jonstad.

### **Samlinga hadde følgjande sentrale tema:**

- Kommuneøkonomi, demografi og utfordringsbilete for sektoren v/ KS-kommune-økonom Rune Bye og Helga Birgitte Aasdalen
  - o Underliggende press har blir skjult av eingangsinntekter frå skatt
  - o Rekneskapen for 2024 signaliserer strammare kommuneøkonomi
  - o Befolkningsendringar – færre barn og fleire eldre over 85 år
- Eit felles lag med felles samfunnsoppdrag v/ fagsjef for folkevald-programmet i KS Dag-Henrik Sandbakken og ordførar og kommunedirektør i Gausdal kommune
  - o Kommuneplanen sin samfunnsdel som politisk styringsverktøy
  - o Samfunnsutvikling gjennom planentusiasme og prosessglede
  - o Samspel gjennom politisk arbeidsutval
- Perspektivmeldinga - Norge mot 2060 v/ avdelingsdirektør i finansdepartementet Kjersti Næss Torstensen
  - o Kamp om arbeidskraft
  - o Behov for omstilling
  - o Fortsatt god fordeling
- Folkevalde si rolle i økonomiprosessar v/ KS folkevald-programmet Dag-Henrik Sandbakken
  - o Politisk behov for tidlegare involvering og betre opplæring
  - o Dialogkonferanse om våren – omforent forståing av utfordringsbilde
  - o Rammekonferanse etter at kommuneproposisjon og revidert nasjonalbudsjett er lagt fram

## **Under kvar tema gjorde Sunnfjord kommune eigne refleksjonar:**

- Kommuneøkonomi, demografi og utfordringsbilete
  - Vi har meirkostnad ved å vere eit regionsenter. Inntektssystemet fangar pr. i dag ikkje opp dette. Skal du klare å oppretthalde generalistkommune, så trengst dette.
  - Vi ser og at vi må gå inn i helse og omsorg. Kor dyr er produksjonen vår? Når leverer vi tenester under og over norm? Dette blir den store kostnadsdrivaren vår. Helse og omsorg er ein stor sektor.
  - Behov for gjennomgang av produksjonsindeks på tenestene våre. Kan gje oss nokre svar og samanlikne oss med andre?
  - Sjå på kommunikasjonen vår om demografien. Vi har hatt ein annleis demografi i spesielt Førde. Forklare dette på ein god måte.
  - Bør sjå på måten vi organiserer flyktningetenesta. Har vi råd til å dimensjonere denne tenesta opp og ned? Kan vi kjøpe tenester frå nabokommunar?
  - Bør og sjå på måten vi organiserer næringsarbeidet vårt på. Kva effekt har vi?
- Eit felles lag med felles samfunnsoppdrag
  - Er det noko vi kan ta med oss vidare for å utvikle samspelet i eigen kommune?
    - Eit læringspunkt: innsparingstiltak framlagt for politikken med ulik grad av detaljering. Korleis kan dette gjerast tydlegare og betre seinare?
  - Kva er sterke og svake sider ved planarbeidet i vår kommune?
    - Planarbeid generelt:
      - Mange dyktige folk i administrasjonen som kan system og innhald. Men vi må bruke meir tid til politisk forankring/prosess.
      - Vi er blitt flinkare til å lage konkrete planar.
    - Litt for lange planprosesser. Entusiasmen forsvinn. T.d. sentrumsplan som har prosjektperiode på 2 år.
    - Jobbe med færre planar parallelt, slik at vi blir ferdig med planar
    - Gjere refleksjon om kven som skal prioriterast; t.d. folkevalde eller innbyggjarar (folkemøte).
  - Er kommuneplanen sin samfunnsdel det viktigaste styringsverktøyet i kommunen vår?
    - Samfunnsdel: Eit stort kommunestyre, midt i korona klarte vi ikkje å prioritere. Fekk ikkje tilstrekkeleg politisk eigarskap. Litt for stort fokus på layout framfor innhald.
    - Samfunnsdelen vår har for lite retning.
    - Bør evaluere gjeldande samfunnsdel før ny valperiode. Vedtak om oppstart før planstrategi. Bryte lova litt:-)

- Politisk verkstad: viktig at vi avklarer kva tema som skal diskuterast. Godt innspel med politisk redaksjonskomite.
  - Fekk betre politisk eigarskap til arealdel.
- Perspektivmeldinga - Norge mot 2060
  - Korleis kan vi som kommune engasjere lokalsamfunnet, og bedre kommunisere behovet for å omfordеле ressurser for å møte dei demografiske utfordringane?
    - Forklare den demografiske endringa i perspektiv at det utgangspunktet som har vore spesielt i Førde.
    - Få folk til å forstå at vi må gjere noko. Få fram kva som er dei store utgiftspostane. Få fram at vi prøver å skjerme 1. linjetenestene, men at vi og må sjå på dette.
    - Klare å skape felles forståing. Politisk, administrativ og tillitsvalde må kommunisere ein felles verkelegheitsforståing.
    - Kommunisere at "nullalternativet" ikkje er eit alternativ.
- Folkevalde si rolle i økonomiprosessar
  - Refleksjon om budsjettprosessen
    - Behov for å konkretisere årshjul.
    - Ynskje om strategikonferanse tidleg på året. Alle parti må vere presentert i tillegg til tillitsvalde.
    - Vi brukar for lite tid og kjem for seint inn i prosessen.
    - Vi bør vurdere å etablere finansutval beståande av formannskap og representantar frå alle parti i kommunestyre.
    - Vi har ein dag igjen på folkevaldopplæringa. Bør vurdere å nytte denne dagen til økonomiopplæring. Innleiing tilsvarande denne samlinga.
    - I forkant av denne folkevaldopplæringa bør vi gjennomføre ei evaluering av vår eigen budsjettprosess
  - Forventningsavklaring til budsjett og økonomiplan
    - Folkevalde:
      - Eit godt oversiktleg grunnlag å diskutere og ta stilling til. Ynskjer å bruke meir tid.
      - Utgangspunkt er måloppnåing frå sist.
      - Realisme i tal.
      - Politikken ynskjer dialog om moglegheitsrom i sektorane. Det er nede i sektorane politikken forstår mekanismar og gir læring på budsjettprosessar.
      - Behov for å forstå oppfølging av einingane sine budsjett. Treng forståing og eigarskap gjennom innsikt i den løpende budsjettrapporteringa.
      - Framsikt er heilt håplaust.

- Administrasjon:
  - Vi har ikkje funne ei god form på presentasjon av situasjon i sektorane. Må finne ein balanse mellom utfordringar og moglegheitsrom.
  - Kan utvala nyttast betre i økonomiprosessar innanfor sektorane?
- Tillitsvalde:
  - Snever dialog mellom tillitsvalde og politikken. Må prioritere og snevre veldig inn kva som blir sett på agendaen.
- Årshjul Sunnfjord kommune
  - Legge fram sak om evaluering, forslag årshjul 2025 og evt. økonomiutval. Starte som drøftingsorgan. Sjå til korleis fylkeskommunen og Stad har gjort dette. Avklare rolla til tillitsvalde i eit evt. økonomiutval. Halde fast i at formannskapet har det heilhitlege økonomiansvaret. Korleis kan vi bruke utvala i det økonomiske arbeidet? Viktig med ei rolleavklaring.
  - Folkevaldopplæring/ dialogkonferanse i april.
  - Til rammekonferansen; lage oppspel til avklaring på krevjande saker t.d. symjebasseng i Førdehuset.

Til sist på samlinga diskuterte gruppa kort forslag til vidare prosjektorganisering;



Link til [informasjon på nettsida til Sunnfjord kommune](#)